

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 24.04.2019
Vår ref.: 2018/10618-5
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Gnr. 65, bnr. 1- Frotaule - Radøy kommune

Me viser til brev datert 11.04.2019 med tilhøyrande vedlegg. Saka gjeld snuplass for tømmerbil og 3 mindre massetak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med dei omsøkte tiltaka. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.